



Hlm Arkitektur AS  
C. Sundts gate 1  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16 - 21/13192

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
05.03.2021

## Løyve til endring av godkjend tiltak (mur og levegg) - gbnr 137/821 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 278/21  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Hlm Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om endring av tiltak

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a), jf. § 20-3, vert søknad om endring av tiltak godkjend slik at støttemur og levegg inngår i tiltaket. Følgjande vilkår gjeld:

- Støttemur og levegg skal plasserast slik vist i situasjonsplan datert 18.08.2020.
- Tiltaka skal plasserast utanfor siktsoner i avkøyrslene.
- Tiltaket skal utførast i samsvar med godkjend reguleringsplan.
- Vilkår gitt i rammeløyvet datert 05.07.2019 gjeld.  
Det vert vurdert at tiltaket er omfatta av tidlegare gjevne igangsetjingsløyve.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt rammeløyve datert 05.07.2019, som gjeld oppføring av ny Alversund skule med tilhøyrande infrastruktur. Omsøkte tiltak gjeld etablering av mur langs tilkomstveg o\_SKV9 for å halda massane på plass og få betre utnytting av arealet. Muren er å vurdere som del av veganlegget. Muren er plassert på eigedomen gbnr 137/822. I tillegg skal det etablerast levegg i grenselinja mellom gbnr 137/518 og 137/822.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.01.2021, og supplerande dokumentasjon mottatt 26.02.2021, innsend av tiltakshavar, som viser utforming og høgde på levegg.

**Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.02.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato.

**Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdereguleringsplanen for Alversund, planid 1263 – 200902, er avsett til byggeområde for bustadar. Tiltaka er vurdert å vera i samsvar med plan.

**Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Berørte naboar har gitt samtykke til tiltaket. Ytterlegare varsling er vurdert til ikkje å vera nødvendig.

**Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.08.2020.

Muren er plassert med avstand mindre enn 4 meter til nabogrense. Eigar av gbrn 137/518 og 137/75 har gitt samtykke til omsøkt plassering.

Levegg er plassert i grensa mellom gbnr 137/518 og 137/822. Eigarane av eigedomane har gitt samtykke til plassering 0 meter frå nabogrensa.

**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

**Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

**VURDERING****Plassering**

Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, på vilkår av dei ikkje kjem i konflikt med siktsoner i avkjørslene, jf. føresegn 3.3.1.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

**Ansvar og tiltaksklasse**

Det er send inn oppdatert gjennomføringsplan datert 04.11.2020. Det vert vurdert at tiltaket er omfatta av tidlegare gjevne igangsetjingsløyve.

**Privatrettslege tilhøve**

Nødvendige privatrettslege forhold er vurdert sikra gjennom dei erklæringane som ligg i saka. Partane får saka til klagevurdering.

## **Regelverk**

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarlast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

D1 - Situasjonsplan Mur 518  
E1 - Tversnitt natursteinsmur J201  
Beskrivelse skjermvegg og mur

**Kopi til:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Anne-Britt Hvidsten Hafsaas	Øvre Sollien 8	5096	BERGEN
Audun Kvamme	Seimsstranda 501	5912	SEIM
Gry Iren Hvidsten Takle	Alverflaten 250	5911	ALVERSUND
Inger Breistein	Sivlevegen 52	5704	VOSS
Jorunn Nesheim	Brørakastet 61 C	5911	ALVERSUND
Magne Fosse	Alverflaten 254	5911	ALVERSUND
Marit Hvidsten Skoge	Tresvikvegen 7	5953	FONNES
Olav Magne Kvamme	Seimsstranda 502	5912	SEIM
Ove Georg Hvidsten	Kvamsvegen 62	5911	ALVERSUND
Reidar Georg Hvidsten	V Ole Westervik VetåsÅdlandsve gen 309	5919	FREKHAUG
Terje Hvidsten	Alverflaten 252	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Hlm Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------